





No har vi hatt 15–20 år med kontinuerleg oppgang i industrien. Då vil som regel entreprenørskapet minke, seier Hans Petter Hildre.

Havrommet er framtida

HANS PETTER HILDRE

- ➔ 55 år
- ➔ Tennfjord
- ➔ Foreldra er Hilmar og Bodil Hildre (f. Tenfjord). Ein eldre bror Bent, også sivilingeniør.
- ➔ Sambuar med Laila Brandvik, har døtrene Marit og Anne Marie Hildre.
- ➔ Yrke: Professor og instituttleder ved institutt for havromsoperasjonar og byggeteknikk ved NTNU Ålesund, som ligg under fakultetet for ingeniørvitenskap ved NTNU Trondheim.
- ➔ Foredragshaldar på Haramskonferansen
- ➔ Hobby: Hobbyfiske

– Ikkje klapp han, då blir du aldri kvitt han, er beskjeden.

Kaia i Tennfjord og området rundt er både familiegard og historisk grunn. Her har familien og hobbyfiskaren bygd draumehuset sitt. Fjora er eit steinkast unna. Grytafjorden strekker seg 20 km vestover og stoppar ved Valderøya. Austover er det grønne markar og naustrekka som dominerer.

– *Ein professor, er det ein som veit alt?*

– Omvendt. Desto meir ein lærer, desto betre ser ein alt ein ikkje kan. Det kan vere ganske smertefullt også å tileigne seg nok kunnskap heile tida.

Krana vekke

– Krana på kaia er vekke. Den tok vi ned i går. Ho gjekk ikkje rundt. Men ho skal opp att, seier han. (Sjå også side 23, red. merkn.)

Spora er godt løynde, men her nede ved sjøen har det vore fabrikkar og mykje folk i arbeid gjennom tidene. I tillegg til kai for rutebåtar i gamle dagar, har Bokbåten og båtar vore inne til montering av utstyr eller reparasjon.

Oldefaren Petter Jensen og broren hans, Johan Tenfjord, er begge kjende som pionerar innan maritim industri frå 1900 og framover.

– Entreprenørskap oppstår

– Det er berre ulven, ler Hans Petter Hildre, og nikkar i retning i n g av eit hovud som så vidt stikk opp i glaset attom ei attlaten stovedør. Hunden Milo bjeffar ilt, men mest nysgjerrig mot besøket. Etter ein kort tryggleikssjekk blir vi klarerte sjølv om det er midt under herrestafetten under NM på ski.



HARAMSKONFERANSEN

Hildre har i ei årrekke vore konferansier på Haramskonferansen. Biletet er frå 2016. Foto: Robin Røkke

ofte i tidsepokar med utfordringar skapte av nød. No har vi hatt 15-20 år med kontinuerleg oppgang i industrien. Då vil som regel entreprenørskapet minke. No er det tid for nytenking, seier han.

Bestefaren på morsida, Jens, dreiv alle sine dagar med spel og vinsjar i familiebedrifta eit steinkast nedanfor huset til familien Hildre/Brandvik. Faren Hilmar arbeidde med konstruksjon på Tenfjord Mekaniske. Hans Petter kom også dit som nyutdanna sivilingeniør, og arbeidde i lag med faren som produktutviklingssjef på «Mekken» i 1 1/2 år i 1987-88 før turen gjekk opp att til dåverande NTH (Norges Tekniske Høgskule). Hans Petter står bak

5-6 patent.

Tilbake til røtene

– Etter 17 år i Trondheim lurte eg mykje på korleis det ville vere å flytte frå ein by og ut på landsbygda. Etter at vi kom hit har eg ikkje tenkt på det ein dag.

– *Kommunesamanslåing?*

– Sjølv sagt! Heilt uforståeleg for meg at det ikkje skal skje. Skal Møre og Romsdal bli ein maktfaktor og ressursfaktor mellom Bergen og Trondheim, er vi avhengige av eit stort og sterkt Ålesund. Der bør Haram finne sin naturlege plass. Ikkje sikkert at ei storkommune vil drive barneskulen her oppe betre enn Haram, men den er sentral i å løyse dei større utfordringane. Å løyse byutvikling, vegar, tunnelar og statsarbeidsplassar er avhengig av Ålesund. Utan det fyrstårnet og den tyngda blir det utkant mellom Trondheim bygrense og Bergen bygrense, meiner han.

Simulatorkule

Hans Petter Hildre og instituttet hans er sentrale i arbeidet med den sokalla «Kula», som har fått mykje omtale i det siste. Den planlagde simulatorkula utanfor Norsk Maritimt Kompetansesenter skal vere 12 m i diameter. Den skal ha ein praktisk funksjon, men vil også kunne vere eit utstillingspunkt og ein attraksjon. NTNU gir instituttet i Ålesund auka midlar for å jobbe med dette prosjektet.

– *Kva er det med denne kula?*

– Den er ikkje bygd enno. Men det er jo det alle kallar den, kulå. Den er ein del av eit forskingsprosjekt vi held på med om havromsoperasjonar. Vi tenker oss ein arena som ser samanhangen mellom det maritime og det marine, det vil seie fisk og liv i havet. Hensikta med forma er at det skal visualiserast at du ser i alle retningar. Det simulerer ei skipsbru der du kan sjå framover, attover, oppover og på same tid sjå ned i havet. Då seier vi at du har visualisering i 720 grader, eller 360 grader gonger to.

Nyvinning

Ordet innovasjon betyr ei nyvinning som gir ei betre løysing. Entreprenørskap eller gründerverksemd er å etablere og eller utvikle ei ny forretningsverksemd. Begge to er av dei mest brukte orda i professor Hildre sitt ordforråd. I hans auge er innovasjon til dei graders ferskvare.

– Innovasjon er ein muskel du må trene litt kvar dag. Innovasjon er ikkje slik at du kan slå av og på. Skal du bli god, må du trene kvar dag. Ingenting består i det uendelege. Entreprenørskap er derfor utruleg viktig, og det er viktig å gå i eit miljø der ein tenker nytt. Entreprenørskap er eit område vi kjem til å arbeide beinhardt med dei kommande åra. Det blir viktig å skape eit miljø der entreprenørar, universitet, finansnæringa, be-

drifter og det offentlege bidreg til å stimulere til nyskaping, seier Hildre.

Framtida

– Det er i havrommet vi ser enorme moglegheiter! Sunnmøre har hatt ein sterk maritim- og offshoreindustri med kolossal vekst dei siste 15 åra, med 55 milliardar i omsetning og 20.000 tilsette. Samtidig har vi ein stor fiskeri- og oppdrettssektor langs kysten som eksporterer for 100 milliardar kroner i fisk. Det er enorme verdiar, seier Hildre.

70 prosent av eksporten frå Norge, inkludert olje og gass som også kjem frå havet, er havbasert aktivitet som vi er heilt avhengige av. Vi lever av og bur ved havet, held professoren fram.

– Kompetanse blir ein stadig viktigare faktor i å oppnå konkurransekraft. Derfor skal vi vere sjeleglade for at vi i Ålesund no er ein del av NTNU (Norges teknisk-vitskaplege universitet). Dette gir oss musklar til å utvikle nye studiar og etablere relevant forskning i tett samarbeid med næringslivet.

Hildre seier at når havet er så viktig at det står for 70 prosent av eksporten vår, må framtida gi oss ei langt betre forvaltning.

– Havovervaking er ei næring som vil vekse enormt. Det same vil kystturisme. Det vil vere sensorar som kan måle alt frå syklusen til fisken, men også mikroplasten som det er

fokusert på no. Sjølvgåande farkostar vil overvake livet i og tilstanden til havet.

Alt blir utnytta

Og no er professoren verkeleg på glid. Det gir store moglegheiter for både innovasjon og entreprenørskap, og også omstilling som Hildre synest sunnmørsk maritim industri er så innmari flinke til. Han viser til Vard, Ulstein og Kleven innan skipsbygging, som alle har «hivd seg rundt og funne nye marknader».

– Ta fiskeri. Forventningane om å utnytte fleire artar er der. Vi har så vidt byrja med krill. Men ta noko så enkelt som sjøpølse. Den har det blitt betalt opp til 10.000 kroner kiloet for i Kina. Eg trur også at det vil bli fullstendig slutt på å sende fisk til Kina for å filetere og ta ut bein. Å sende fisk til andre sida av verda, som blir tina opp og frosen ned att, med bruk av vatn som kanskje ikkje held vårt mål på reinleik, gjer produktet ringare enn vi kan leve med.

Meir vil bli produsert på båtane og meir foredling vil skje her heime. Alt vil bli utnytta.

– Verda har ikkje råd til noko anna, seier Hildre – hobbyfiskaren som nesten kan stå på eigen terrasse og fiske.

ARNT OVE TENFJORD
redaksjon@nordnett.no

Desto meir
ein lærer,
desto betre
ser ein alt
ein ikkje kan.

